

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 07.03.2020 11:25:08

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jannicke Bergesen Clarke

**Emne:** Spørsmål til SAMO 11.03.20

**Vedlegg:**

**1. Plassbestilling for dei med ungdomskort på snøggbåtane Bergen-Sogn/Nordfjord**

Dette spørsmålet er stilt før. Det eg lurar på er korleis oppfølginga med Norled er for å oppnå at ungdomane får bestille plass, også når dei nyttar ungdomskort.

Om det ikkje er ordna endå, kva tidshorisont ser ein for seg? Er problemet eigentleg at ein har mistillit til ungdomen og at dei tingar plass uten å bruke han, eller er det noko anna?

**2. Felles ungdomskort for heile Vestland fylke**

Det pågår eit stort samordningsarbeid mellom dei to gamle fylka og Skyss /Kringom på ma takstar og tilbod.

Begge fylka har ungdomskort, som gjer at ungdom kan reise i heile (gamle) fylket til ein overkomeleg månadleg sum. Ungdomskorta er subsidiert av fylket.

Kva er grunnen til at denne ordninga ikkje kan "isolerast" i samordninga og gjennomførast før det store arbeidet er klart? Det er, så langt ein kjenner til, ikkje ei kryssfinansiering som må på plass for å få til dette. Vil det vere mogeleg å få til felles ungdomskort innan nytt skuleår i august 2020?

Trude Brosvik, KrF